



FRAMLEGG TIL PLANPROGRAM

Detaljreguleringsplan for del av gnr. 83, bnr. 2.

STEINTAK PÅ EIDE

PlanID: 4622 20230002

Kommune Kvam herad arkivsaknr.: 23/1915

Forslagsstillar:

Elisabeth Eide Haugstad

Plankonsulent:

Geoplan AS

Dato: 04.10.2023

INNHALDSLISTE

1 BAKGRUNN	1
1.1 FORSLAGSTILLAR	1
1.2 BAKGRUNN FOR PROSJEKT OG PLANLEGGING	1
1.3 FORMÅL MED UTARBEIDING AV PLANFRAMLEGG	2
1.4 KRAV OM KONSEKVENSUTGREIING M/PLANPROGRAM	2
1.5 PLANPROGRAM.....	3
2 SKILDRING AV TILTAKSOMRÅDET	3
2.1 LOKALISERING.....	3
2.2 PLANOMRÅDE	5
2.3 PLANFRAMLEGGET	6
2.4 INFLUENSOMRÅDE	6
2.5 ALTERNATIV	6
2.6 0 - ALTERNATIVET.....	6
3 GJELDANDE PLANAR OG FØRINGAR FOR PLANARBEIDET.....	7
3.1 STATLEGE RETNINGSLINER RAMMER OG FØRINGAR.....	7
3.2 AREALDELEN TIL KOMMUNEPLAN FOR KVAM HERAD	8
3.3 KOMMUNEDELPLAN FOR NÆRING OG KOMPETANSE	8
3.4 REGULERINGSPLANAR I OMRÅDET (GJELDANDE OG TILGRENSANDE)...	9
3.5 ANDRE RELEVANTE PLANAR, RAPPORTAR	11
4 TEMA SOM SKAL SKILDRAST OG/ELLER KONSEKVENSUGREIAST.....	12
4.1 NATURMANGFALD.....	13
4.2 LANDSKAP	13
4.3 OVERSIKT OVER TEMA SOM SKAL SKILDRAST ELLER KONSEKVENSUTGREIAST.....	12
4.4 ROS-ANALYSE	13
5 PLANARBEIDET, MEDVERKNAD OG FRAMDRIFT	15
5.1 INFORMASJON OM MEDVERKNAD	15
5.2 FRAMDRIFTSPLAN	16

FRAMLEGG TIL PLANPROGRAM

Detaljregulering av Steintak på Eide, del av gnr. 83, bnr. 2, Tørvikbygd, Kvam herad

1 BAKGRUNN

1.1 FORSLAGSTILLAR

Forslagsstillar:

Elisabeth Eide Haugstad, Eidesvegen 30, 5620 Tørvikbygd
eide.haugstad@outlook.com
tlf. 90789075

Plankonsulent:

Geoplan AS,
Sandvenvegen 17, 5600 Norheimsund
post@geoplan.no
tlf. 95123508

Arealplanleggar:

Solveig Valland

Kommune:

Kvam herad
Plan- og byggesak

Handsamar:

Leiv Ingmar Kaale,
leiv.kaale@kvam.kommune.no
tlf. 91152640

1.2 BAKGRUNN FOR PROSJEKT OG PLANLEGGING

Gardsbruket på Eide har mjølkeproduksjon, eggproduksjon og driv med grøn omsorg. Garden har ei besetning på 60 årskyr, 110 oksar og kviger og 7500 verpehøns. Dei disposerer (slår) 600 daa fulldyrka areal der 130 av desse er på eige bruk. Garden er på til saman 900 daa. I tillegg til den reine gardsdrifta har dei 5 plassar innan psykisk helse og rus. Det er omrent 9000 timer arbeid i året som tilseier omrent om lag 5 årsverk. Berre ein person har arbeidet sitt berre på garden. Dei andre tilknytt drifta har jobb utanfor drifta. Det er viktig å få nok inntekt på drifta til at denne kan løne fleire arbeidstimar. Produksjon og sal av knuste massar har dei siste åra vore ei viktig tilleggsnæring. Det er teke ut stein i samband med fjøstromt. Kvaliteten på steinen/massane som er teke ut, er godkjend for alle typar vegdekke. Fjellet består for det meste av gneis, med innslag av kvarts. Grusen og pukken har dei siste åra vore nytta på nesten alle vegar og tomter mellom Mundheim og Vikøy. Det er ikkje andre steintak som produserer pukk og grus i Kvam. Ein ønskjer få på plass eit lite lokalt anlegg som kan forsyne lokale tiltak. Ein planlegg leige inn mobil knusar i periodar. Det er ønskje om utak og knusing haust og vinter.

FRAMLEGG TIL PLANPROGRAM

Detaljregulering av Steintak på Eide, del av gnr. 83, bnr. 2, Tørvikbygd, Kvam herad

1.3 FORMÅL MED UTARBEIDING AV PLANFRAMLEGG

Føremålet med reguleringsplanen er å leggja til rette for vidare utak av stein/grus med tilhøyrande infrastruktur innanfor føreslått plangrense på Eide. Ein ønskjer på same tid ha mottak for reine massar som kan nyttast til dyrking. Etter uttak av stein/massar vil ein etablere nytt dyrkingsland for grasproduksjon. Dette ønskjer ein gjere etter kvart, slik at garden får auka driftsarealet sitt så raskt som det let seg gjøre. Ein ønskjer sikre arbeidsplassar i landbruket. Ein ønskjer i hovudsak å regulere området til «Angitt byggje og anleggsformål kombinert med andre angitt hovudformål», dvs. «Steinbrot og masseuttak» kombinert med «landbruksformål».

1.4 KRAV OM KONSEKVENTSUTGREIING M/PLANPROGRAM

Tiltaket vil endre det lokale landskapet, ein vil og ta ut stein/massar i eit område som er naturleg utmark i dag. Over tid vil ein endre det naturlege terrenget og gjøre det om til landbruksareal for grasproduksjon. Perioden for uttak kan gå over fleire tiår, men delar av område kan ferdigstilla etter kvart. Dette vil føre til endringar i den lokale naturen og kulturlandskapet.

Området der ein ønskjer etablere stein/massetak har formålet LNFR i arealdelen til kommuneplan for Kvam herad. Ettersom ønska tiltak ikkje er i tråd med formål i arealdelen til kommuneplanen skal det vurderast om tiltak får vesentlege verknader for miljø og samfunn jf. Pbl. 4-2 Planbeskrivelse og konsekvensutredning .

I referat frå oppstartsmøte skriv Kvam herad som følgjer om formålet (LNFR) i arealdelen til kommuneplanen.:

«Gjeldande KPA har i liten grad hatt merksemrd på å setja av nye område til råstoffutvinning. Areal til nydyrkning var heller ikkje eit tungt tema ved sist rullering. Dette gjer sitt til at foreslått arealbruk i liten grad er vurdert på overordna nivå. Ein slik arealbruk må difor vurderast no som det er kjent at området inneheld denne ressursen.»

Ettersom formål ikkje er vurdert i overordna plan er det krav til planprogram og konsekvensutgreiing. Det skal vurderast om planen kan få vesentlege verknader med omsyn til storleik på og plassering av tiltaket. Det skal vurderast korleis tiltaket har samvirke med andre gjennomførte, vedtekne og planlagde tiltak. Omfang av verknad, kompleksitet, varighet, frekvens og reversibilitet skal inkluderast i vurderinga.

Planarbeidet kjem inn under Forskrift om konsekvensutredninger, vedlegg II. Det to punkt i vedlegg II som er aktuelle i dette tilfellet.:

1. JORDBruk, SKOGBRUK OG AKVAKULTUR

b) Prosjekter for bruk av uoppdyrkede landområder eller delvis naturlige områder til intensivt landbruk, herunder nydyrkning på mer enn 50 dekar. Også mindre tiltak skal behandles etter kapittel 5 og 6 dersom det ikke kan utelukkes at tiltaket kan få vesentlige virkninger for naturmangfold eller andre viktige miljøhensyn.

2. UTVINNINGSINDUSTRI

a) Mineraluttak, herunder torvskjæring.

FRAMLEGG TIL PLANPROGRAM

Detaljregulering av Steintak på Eide, del av gnr. 83, bnr. 2, Tørvikbygd, Kvam herad

Jf. KU-forskrifta § 21 skal konsekvensutredninga identifisere og skildre faktorane som kan verta påverka og vurdere vesentlege verknader for miljø og samfunn.

1.5 PLANPROGRAM

For alle reguleringsplanar som kan få vesentlege verknader for miljø og samfunn, skal det som ledd i varsling av planoppstart utarbeidast eit planprogram som grunnlag for planarbeidet. Planprogrammet skal gjera greie for formålet med planarbeidet, planprosessen med frisar og deltakarar, opplegget for medverknad, spesielt i forhold til grupper som ein vurderer å bli særleg råka, kva alternativ som vil verta vurdert og behovet for utgreiingar.

Dette dokumentet er eit framlegg til planprogram som vil verta sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i saman med varsel om oppstart. Etter høyringsrunden vil planprogram sendast til Kvam herad for fastsetting. Viser til § 4-1.Planprogram

2 SKILDRING AV TILTAKSOMRÅDET

2.1 LOKALISERING



Fig.1: Lokalisering av Ljoneshalvøya i Kvam herad

FRAMLEGG TIL PLANPROGRAM

Detaljregulering av Steintak på Eide, del av gnr. 83, bnr. 2, Tørvikbygd, Kvam herad



Fig. 2: Lokalisering av område på Ljoneshalvøya, ved Hardangerfjorden, på Eide i Tørvikbygd

Elisabeth Eide Haugstad, er grunneigar på gnr. 83/2 på Eide i Kvam herad. Ho har nyleg overteke garden og drifta av denne. Under viser hovudteigen (markert under) på 403 daa inkludert tun, innmark og utmark. Ho eig også gnr 83/13 på 92,3 daa og 83/15 på 59,5 daa, som grensar til hovudteigen.




Fig. 3: Teigen gnr 83/2 på Eide i Tørvikbygd

Følgjande gnr grensas til teigen:

83/1, 83/3, 83/4, 83/6 og 83/20

2.2 PLANOMRÅDE

Planområdet er på 98 daa og sentralt på nordenden av Ljones-halvøya, på Eide i Tørvikbygd. Delar av området er dyrka og delar av området er nytta til uttak av stein også i dag. Utmarka var tidlegare nytta til beite men er i dag ikkje nytta til i gardsdrifta då den ikkje eignar seg til beite for storfe. Området ligg i all hovudsak som ein kolle mellom to dalsøkk og strekk seg frå kt. + 59 – kt. + 109. Området er utvida frå 85 daa til 98 daa for å få med eksisterande landbruksveg og landbruksareal inn i reguleringsplanen. Utvidinga fører ikkje til større uttaksområde enn tidlegare skissert.




Fig. 4: Framlegg til planområde.



Fig. 5 Ortofoto av området. Kjelde: Norge i bilder - Hardanger 2022

FRAMLEGG TIL PLANPROGRAM

Detaljregulering av Steintak på Eide, del av gnr. 83, bnr. 2, Tørvikbygd, Kvam herad

2.3 PLANFRAMLEGGET

Ein ønskjer regulere eit område på 98 daa til steintak/massetak for å ta ut massar for sal. Kvaliteten på dei massane som er teke ut er godkjend for alle typar vegdekke. Fjellet består for det meste av gneis, med innslag av kvarts. Etter uttak ønskjer ein ta i mot reine humus massar for å etablere nytt areal for grasproduksjon. Ein ser føre at det vert aktuelt å nytte reguleringsformålet «Angitt bygge og anleggsformål kombinert med andre angitt hovudformål», dvs. «Steinbrot og masseuttak» kombinert med «landbruksformål».

2.4 INFLUENSOMRÅDE

Influensområdet vil verta større enn plangrensa når det gjeld følgjande tema:

- Natur inkludert vassmiljø

Innafor regulert område er det litt myr og bekk. Bekken renn nordover og er lagt i røyr under landbruksteig før den renn ut i Eidesvågen. Hjort og andre artar kan verta påverka utafor området.

Ein lyt vurdere kva påverknad tiltaket har i eit større område enn plangrensa. Vassmiljø må vurderast nordover mot Eidesvågen.

- Støy og landskap

Området tiltenkt steintak ligg mellom andre kollar og inngrepet vil vera lite synleg i det store landskapsrommet. Unntaket er gardane på Augstad og Åse, som ligg høgare opp i landskapet og vil sjå ned på tiltaket. Desse kan mest sannsynleg også høyre ei eventuell drift i området. Ein lyt vurdere landskapsinngrep, støy og støv i høve til eit større område enn plangrensa. Landskapsformer og inngrep må vurderast både i høve til det store fjordlandskapet og meir lokalt.

- Trafikksikkerhet

Ny avkørsel frå fv.49 er regulert. Ein lyt vurdere kapasitet og toleevne på vegsystemet frå fv 49. og inn til anlegget.

2.5 ALTERNATIV

I KU vil en vurdere alternativ plassering av steintaket på gbnr 83/2 i lys av natur- og landskapsinngrepet. Ein vil og vurdere alternative start og sluttpunkt for driving av området opp mot kva som vil vera mest hensiktsmessig med tanke på støy og støv.

2.6 0 - ALTERNATIVET

I KU vil en vurdere 0-alternativet som å avslutte uttak av stein/masse der det er i dag og etablere eksisterande tiltaksområder til landbruksjord for grasproduksjon.

FRAMLEGG TIL PLANPROGRAM

Detaljregulering av Steintak på Eide, del av gnr. 83, bnr. 2, Tørvikbygd, Kvam herad



Fig. 6: Dronefoto av området som det såg ut sommaren 2023. Foto: Sondre Eide

3 GJELDANDE PLANAR OG FØRINGAR FOR PLANARBEIDET

3.1 STATLEGE RETNINGSLINER RAMMER OG FØRINGAR

- Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven) av 27. juni 2008.
- Lov om vassdrag og grunnvann (vannressursloven) av 24. november 2000.
- Lov om vern mot forurensing og om avfall (forurensningsloven) av 13. mars 1981.
- Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) 19.juni 2009
- Lov om friluftslivet (friluftsloven) av 28. juni 1957.
- Lov om kulturminner (kulturminneloven) av 9. juni 1978.
- Lov om forbud mot diskriminering på grunn av nedsatt funksjonsevne (diskriminerings- og tilgjengelighetsloven) av 20. juni 2008
- SPR for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging av 26. september 2014
- SPR for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen av 25. mars 2011
- SPR for klima- og energiplanlegging i kommunene av 4. september 2009
- RPR for å styrke barn og unges interesser i planleggingen av 1. september 1989
- Medvirkning i planlegging, rettleiar H-3202 B.
- KU-rettleiar, KMD februar-2020
- M-1941 Håndbok om konsekvensutgreiingar av klima og miljø, Miljødirektoratet 13.09.23

3.2 AREALDELEN TIL KOMMUNEPLAN FOR KVAM HERAD

Kommuneplanen sin arealdel 2019 – 2030, vedteken 08.10.19 gjeld.

Planområdet ligg som LNF område med omsyn til natur. Delar av området er så bratt at det er har omsynssone for ras og skred.




Fig. 7: Utsnitt frå kommuneplanen sin arealdel. Kjelde: Kvam herad kart.

3.3 KOMMUNEDELPLAN FOR NÆRING OG KOMPETANSE

Kommunedelplanen for næring og kompetanse 2015– 2023, vedteken 24.03.2015 gjeld.

Verdiskaping gjennom samarbeid «Styrke det etablerte og utvikle det særeigne» er eit mål i kommunedelplan for næring og kompetanse i Kvam. Det er viktig at landbruket får tilgang til god og lettstelt jord. God landbruksjord er ein knapp resurs globalt. Kvam herad må ta ansvar for å ivareta matjorda lokalt.

I planen kjem det fram at mellom år 2000 og 2012 så forsvann 100 arbeidsplassar i naturbasert næringar i Kvam. Under er overordna målsettingar til landbruket lista opp:

FRAMLEGG TIL PLANPROGRAM

Detaljregulering av Steintak på Eide, del av gnr. 83, bnr. 2, Tørvikbygd, Kvam herad

Overordna målsetjingar:		
Dette skal gjerast	Dette gjer Kvam herad	Deltakarar
Landbruk - areal Kvam må ha ein kommuneplan som legg til rette for produksjon og set av tilstrekkeleg areal. Det må kome krav i kommuneplanen som sikrar jordvernet. Det må setjast av areal til mellomlagring av matjord som kan nyttast til oppgradering av jordbruksland.	Sikre arealtilgang og enklast mogleg handsamingstid for å stimulere til utvikling i landbruket Føresegner og areal til ivaretaking og mellomlagring av matjord. Ved regulering av byggeområde på matjord, må det i kommuneplanen settast krav til plan for sikring av matjorda. Bygging av skogsvegar og styrking av det kommunale vegnettet både når det gjeld akseltrykk og kurvatur.	Ansvar: Kvam herad (rammevilkår) i samarbeid med næringsorganisasjonar.
Landbruk - produksjon Sikre eit levedyktig småskala og storskala landbruk, oppretthalde eit levande kulturlandskap og stanse attgroing innan strategisk viktige område. Kvam må stimulere til at det vert auka fruktproduksjon	Føresegnerne i kommuneplanen sin arealdel må legge til rette for småskala landbruk og sikra arealgrunnlaget for dei som satsar på samdrifter og produksjon i storskala mjølkeproduksjon.	Kvam herad i samarbeid med landbruket sine organisasjoner og næringsaktørane Finansiering: Innovasjon Norge og private næringsdrivande.

Fig. 8: Utklypp frå overordna målsettingar i kommunedelplan for næring og kompetanse i Kvam.

Kjelde: Kvam herad.

3.4 REGULERINGSPLANAR I OMRÅDET (GJELDANDE OG TILGRENSANDE)

Området er ikkje regulert. Det er to reguleringsplanar i nærliken ein hytteplan og regulering av offentleg veg. Avkjøring frå offentleg veg til omsøkt regulering er regulert og utbygd. Naboplanar er som følgjer:

- PlanID 20040011 Reguleringsplan for Rv.49, parsell Innstranda – Tørvikbygd profil 30000 - 3750 vedteken i Kvam heradsstyre 14.12.2004, avgjerd hjå fylkesmannen 04.07.2005
- PlanID 19850005, Reguleringsplan for gnr. 83, bnr. 12 Korsvik og gnr. 83, bnr. 11, Eide i Kvam, vedteken 22.11.1984

Vi kjenner ikkje til pågåande planarbeid i området.

FRAMLEGG TIL PLANPROGRAM

Detaljregulering av Steintak på Eide, del av gnr. 83, bnr. 2, Tørvikbygd, Kvam herad




Fig. 9: Reguleringsplan kollasj. Kjelde: Kvam herad kart.

FRAMLEGG TIL PLANPROGRAM

Detaljregulering av Steintak på Eide, del av gnr. 83, bnr. 2, Tørvikbygd, Kvam herad




Fig. 10: Reguleringsplan for Rv.49, parsell Innstranda. Kjelde: Kvam herad kart

3.5 ANDRE RELEVANTE PLANAR, RAPPORTAR

- Kulturminneplan 2017 – 2027
- Kommunedelplan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2017 – 2027
- Kommunedelplan for næring og kompetanse 2015 – 2023
- Trafikksikringsplan 2020 – 2023
- Rapport barnetråkk, Kvam herad, 2022
- ROS-analyse Kvam herad 2015-2019
- Energi- og klimaplan for Kvam herad 2020 – 2024
- Framlegg – kommunedelplan for landbruk 2005

Det er ikkje kjende planar under arbeid i området.

4 TEMA SOM SKAL SKILDRAST OG/ELLER KONSEKVENSGREIAST

4.1 OVERSIKT OVER TEMA SOM SKAL SKILDRAST ELLER KONSEKVENSGREIAST

Tema	KU	Planomtale	Metode for utgreiing	Grunngjeving/kommentar
Naturmangfald	JA	JA	Handbok M-1941 Miljødirektoratet	Handboka er nyleg oppdatert
Landskap	JA	JA	Handbok M-1941 Miljødirektoratet	Handboka er nyleg oppdatert
Kulturmiljø	NEI	JA	Sjekk av kjend informasjon på tilgjengelege databasar	Tema vert vurdert i planomtale. Dette er eit område utan kjende kulturminne
Friluftsliv	NEI	JA	Sjekk av kjend informasjon på tilgjengelege databasar	Tema vert vurdert i planomtale. Dette er eit område som ikkje vert nytta til friluftsliv
Klimagassutslepp	NEI	JA	Vurdering av transport behov	Tema vert vurdert i ROS- analyse. Liten auke i transport
Støy	NEI	JA	Støyvurderinger for tiltaket	Tema vert handsama i ROS- analyse. Stor avstand til busetnad.
Luftforureining	NEI	JA	Sjekk av kjend informasjon på tilgjengelege databasar. Støvvurderinger for tiltaket	Det er ikkje kjend luftforureining. Tema støy vert handsama i ROS-analyse
Grunnforureining	NEI/JA	JA	Sjekk av kjend informasjon på tilgjengelege databasar	Ikkje kjend forureining. Området er eit utmarksområde. Tema vert vurdert i KU for naturmangfald og i ROS og planomtale
Vassmiljø	NEI/JA	NEI	Sjekk av kjend informasjon på tilgjengelege databasar + Undersøkingar	Vassmiljø i området er så lite at vi inkluderer tema i KU naturmangfald
Landbruk	NEI/JA	JA	Sjekk av kjend informasjon på tilgjengelege databasar. + Informasjon om drifta og ressursgrunnlaget	Landbruk vert ein del av KU - landskap og tema vert vurdert i planomtalen.

Fig. 11: Oversikt over tilhøve som etter kapittel 5 skal utgreiast, og kva metodar som er tenkt nytta for å skaffa nødvendig kunnskap, jf. KU-forskriften § 14, punkt b

4.2 NATURMANGFALD

Tema naturmangfald inkludert vassmiljø skal utgriast av Norsk naturinformasjon, NNI Resources AS.

Utredning av tema naturmangfald vil ha fokus på fem deltema:

- Verneområde
- Naturtypar
- Artane s økologiske funksjonsområde
- Landskapsmessige samanhengar
- Geologisk mangfold

4.3 LANDSKAP

Landskap skal utgriast av Geoplan AS. Utredning av tema landskap vil ha fokus på å skildre /utgreie landskapet i seks deltema:

- Topografi
- Landformer
- Vegetasjon
- Arealbruk
- Bygg og struktur
- Historie og identitet

Konsekvensutgreiing utførast jf. KU forskrifter med mal i tråd med Miljødirektoratet si handbok om konsekvensutgreiing av klima og miljø, M-1941.

4.4 ROS-ANALYSE

Plan- og bygningslova set krav til gjennomføring av risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analysar) ved all arealplanlegging, jf. Pbl. § 4.3. Risiko og sårbarheitsanalyse skal kartlegge og forebygge uønska hendingar i planområdet og i nærliggande område. Det skal vurderast både om området kan være utsett for uønska hendingar eller om tiltak i planen kan medføre uønska hendingar. Utgangspunktet er Direktoratet for samfunnssikkerhets veileder for Samfunnssikkerhet i kommunens arealplanlegging (2017).



Fig. 12: ROS-analysens hovudtrinn, henta frå DSB sin rettleiar for Samfunnssikkerhet i kommunens arealplanlegging.

FRAMLEGG TIL PLANPROGRAM

Detaljregulering av Steintak på Eide, del av gnr. 83, bnr. 2, Tørvikbygd, Kvam herad

Tema for ROS

Vanlege tema å sjekke ut ved gjennomføring av ROS-analyse er som følgjer

- Ekstremvær
- Flaum og overvann
- Skred og ras
- Forureining
- Samferdselsårer
- Infrastruktur
- Tenester
- Sårbare grupper
- Næringsverksemnd
- Forhold ved utbyggingsformålet
- Forhold til omliggende områder
- Forhold som påverkar hverandre

Tema vi allereie ser vil verta viktige for dette reguleringsarbeidet er som følgjer.

- Næringsverksemnd (landbruk og utbygging)
- Forureining (støy/støv/avrenning/plast)
- Infrastruktur (veg/trafikk)

5 PLANARBEIDET, MEDVERKNAD OG FRAMDRIFT

5.1 INFORMASJON OM MEDVERKNAD

Det var oppstartsmøte mellom tiltakshavar, plankonsulent og Kvam herad den 23.08.2023.

Referat er vedlagt. Kommunen har vidare hatt spørsmål om oppstart av detaljreguleringsarbeid til premissavklaring i Kvam miljø-, plan- og bygningsutval (KMPB) den 26.09.2023. I oppsummeringa i saksdokumentet til møtet står det som følgjer: «Gode steinmassar er ein viktig ressurs for bygge- og anleggsbransjen, og lokal produksjon av desse vil vera positivt i høve miljø og næringsliv. Når det no er ønskeleg å oppskalera aktiviteten på Eide vil rådmannen tilrå at det vert starta opp reguleringsplan med planprogram og konsekvensutgreiing.». KMPB gjorde følgjande vedtak:

26.09.2023, KMPB-039/23 Vedtak:

Kvam miljø-, plan- og bygningsutval godkjenner at det vert sett i gang arbeid med detaljreguleringsplan på gnr. 83, bnr. 2 mfl på Eide i Tørvikbygd på følgande vilkår:

1. Det skal utarbeidast planprogram og konsekvensutgreiing for tiltak som er i strid med kommuneplanen sin arealdel.

Informasjon:

- Vedtaket er ikkje eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 og har dermed ikkje klagetilgang. Vedtaket er å sjå på som ei premissavklaring.
- Part i saka har med visse unntak rett til å gjera seg kjent med dokument i saka jj. Forvaltningslova §§ 18 og 19. Spør Kvam herad om innsyn i dokument på saka, eller bruk tenesta Innsyn via Kvam herad sine heimesider.

Planarbeidet vil følge vanleg lovpålagd prosess, jf. pbl. § 12–8 Oppstart av reguleringsplanarbeid.

PBL § 12-8

Oppstartsmøte og planoppstart Ved oppstart av planarbeidet skal berørte myndigheter, grunneiere, festere, naboer og andre berørte varsles om at planarbeidet igangsettes. Arbeidet skal kunngjøres i minst én avis som er alminnelig lest på stedet, samt i elektroniske medier (kommunens hjemmeside). Det bør settes en rimelig høringsfrist (Ved planprogram krav om minimum 6 uker og for andre anbefales minimum 3 uker) Når forslagsstiller er en annen enn planmyndigheten selv, skal det holdes oppstartsmøte. Kommunen kan beslutte å stoppe planforslaget. Slik vedtak skal fattes så tidlig som mulig i oppstartfasen og hvis ikke annet er avtalt, senest like etter oppstartmøte. Beslutningen kan ikke påklages, men forslagsstiller kan kreve behandling i kommunestyret. § 12-8

PBL § 5-1

Enhver som utarbeider et planforslag skal legge til rette for medvirkning. Kommunen skal påse at dette blir gjort også i planprosesser som utføres av private forslagsstillere. Kommunen bør ta opp større eller viktige reguleringsplaner i regionalt planforum tidlig i planfasen.

Planprogram og oppstart av reguleringsarbeidet skal varslast i Hordaland folkeblad og med brev til alle naboar, regionale- og råka fagmynder. Det vert sett 6 veker høringsfrist. Det vil då verta moglegheit til å koma med spørsmål og innspel til planprogram og til reguleringsplanarbeidet.

Følgjande statlege fagetatar og regionale myndigheter vil verta varsla med brev:

- Vestland Fylkeskommune
- Statsforvaltaren i Vestland
- Norges vassdrags- og energidirektorat
- Statens vegvesen
- Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard

FRAMLEGG TIL PLANPROGRAM

Detaljregulering av Steintak på Eide, del av gnr. 83, bnr. 2, Tørvikbygd, Kvam herad

Andre partar eller organisasjonar med interesser i området som vil verta varsle med brev:

- Naboar/grunneigarar
- Tørvikbygd Grendeutval
- Naturvernforbundet i Kvam
- Kvam turlag

PBL § 4-2

Alle forslag til planer etter loven skal ved offentlig ettersyn ha en planbeskrivelse som beskriver planens formål, hovedinnhold og virkninger, samt planens forhold til rammer og retningslinjer som gjelder for området. Dersom reguleringsplan er underlagt krav om konsekvensutredning, skal konsekvensutredningen følge planforslaget. Berørte myndigheter, grunneiere, festere, naboer og andre berørte underrettes særskilt. Når fristen for å gi uttalelse og eventuelt fremme innsigelse er ute, tar kommunen saken opp til behandling med de merknader som er kommet inn.

Framlegg til detaljreguleringsplan inkludert plankart, føresegner, planomtale, ROS-analyse, KU og fagutgreiingar vil verta sendt inn til Kvam herad til handsaming. Etter 1. gongs handsaming vil Kvam herad ta seg av vidare kommunikasjon med partar og høyringsinstansar.

5.2 FRAMDRIFTSPLAN

Reguleringsarbeidet vil følge dei tre hovudtrinna i reguleringsprosessen:




Fig. 13: Tre hovudfasar i reguleringsplanprosessen

Figuren over viser ein oversikt over den samla planprosessen i tre hovudfasar. Dei formelle prosesskrava ligg i dei blå boksane. I dei lysegrøne boksane ligg arbeidstrinna i planprosessen. Den gule boksen markerer samarbeid, medverknad og informasjon.